

## Søknad om studiekvalitetsmidlar til å arrangere seminar haust 2021

Prosjektet IMPEL (Interactive engagement and motivation in physics learning, [www.mn.uio.no/fysikk/forskning/prosjekter/impel/](http://www.mn.uio.no/fysikk/forskning/prosjekter/impel/)) forskar på fysikkstudentars motivasjon og læring knytt til ulike typar undervisning og læringsaktiviteter. Våren 2020 samla vi data blant fysikkstudentar ved UiO og fire andre norske universitet (NTNU, UiB, UiT, NMBU), og ny datainnsamling skal skje vår 2021.

Vi søker med dette om studiekvalitetsmidlar til å arrangere eit seminar hausten 2021, for å sørge for tettare kopling mellom forskning og utdanning i fysikk på UiO, slik det er omtala under pkt. 1. «Utvikling av emner, programmer og utdanning» i utlysinga. IMPEL studerer også læringsmiljø som ei viktig ramme for motivasjon og læring, og søknaden kjem difor også under pkt. 2 i utlysinga.

Vi ønsker å arrangere eit seminar og prosjektmøte over to halve dagar i oktober 2021. Til seminaret vil vi invitere alle interesserte, spesielt undervisarar (inklusive gruppelærarar) på Fysisk institutt og MatNat og alle under KURT-paraplyen. Vi vil også invitere samarbeidspartnarar i prosjektet frå NTNU, UiT, UiB og NMBU, der nokon av dei vil bli spurt om å presentere relevant forskning og/eller erfaring frå eigen institusjon. Slik vil vi dele kunnskap og erfaringar, og kunne utvikle fysikkundervisning på tvers av institusjonar i Noreg. På dag to vil prosjektgruppa og tilreisande samarbeidspartnarar ha møte for å planlegge vidare samarbeid.

Vi søker difor om 27 000 NOK til:

- Lunsj, kaffe, te og frukt på seminar til omtrent 40 deltakarar
- Reise og evt. overnatting til fem tilreisande deltakarar frå UiT, NTNU og UiB

Budsjett:

Mat og drikke seminar		6000 kr
Reise samarbeidspartnarar		15000 kr
Overnatting 3-4 samarbeidspartnarar		6000 kr
SUM		27000 kr

Ansvarleg for arrangementet er prosjektleiar i IMPEL Maria Vetleseter Bøe, Fysisk institutt.



Asker, 19. januar 2021